

ArkivsakID:	23/543
Versjon/Dato:	Utkast - 21.02.2023

Planprogram- kommunedelplan for Vinstra

Vedtatt av *, sak ##/##, dato



Innhald

Innhald	2
1. Innleiing	4
2. Bakgrunn og formål	4
2.1 Avgrensing av planområdet.....	5
3. Overordna føringar og rammer	5
3.1 FNs Berekraftsmål	5
3.2 Nasjonale føringar til kommunal planlegging	6
3.3 Regionale føringar	7
3.4 Kommunale føringar og planar	7
Kommuneplanens samfunnsdel	7
Kommuneplanens arealdel.....	8
«Vinstra 2046»	8
Trafikksikkerheitsplan for Nord-Fron kommune	8
Prosjekt skulestruktur	8
Heilskapleg plan for helse og omsorg.....	9
Boligplan for Nord-Fron, 2022.....	9
4. Kunnskapsgrunnlag	9
5. Utgreiingstema i planarbeidet	9
Næringsareal/næringsutvikling	9
Bustadareal/bustadutvikling	9
6. Vurderingar og konsekvensutgreiing av endringar og innspel	10
7. Planprosess, medverknad og forankring	11
7.1 Politisk organisering av arbeidet	11
7.2 Administrativ organisering	11
7.3 Medverknad	11
Overordna myndigheiter	12
Barn og unge.....	12
Andre interessentar.....	12
Aktuelle opplegg for medverknad	12
7.4 Framdriftsplan	13
8. Krav til innspel	13

9. Vedlegg	14
- Kartutsnitt – forslag til plangrense for kommunedelplan for Vinstra	14
- Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2018-2029 med forslag til plangrense	14

1. Innleiing

Ein kommunedelplan er eit avgrensa geografisk område, som på lik line med kommeplanens arealdel skal byggje på mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel. Planprosessen følgjer same formelle krav som ved utarbeiding av kommuneplanens arealdel.

Nord-Fron kommune varslar med dette om oppstart av arbeid med kommunedelplan for Vinstra. Samtidig blir forslag til planprogram lagt ut til offentleg ettersyn.

Jf. plan- og bygningslova §4-1 og forskrift for konsekvensutgreiing §6, 1. ledd, bokstav a) skal kommunedelplanar alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram som grunnlag for planarbeidet. Eit planprogram skal gjere greie for:

- formål med planarbeidet
- avgrensing og utgreiingsbehov
- grunnlag for konsekvensutgreiingar og risiko- og sårbarheitsanalyser
- planprosessen og opplegg for medverknadsprosess og deltaking

2. Bakgrunn og formål

I kommunal planstrategi for Nord-Fron, vedteke 13.12.2022, KOM-sak 103/12 går det fram at det skal utarbeidast og vedtakast ein kommunedelplan for Vinstra, med planlagt vedtak i 2024. Dette er ei oppfølging av kommunestyret sitt vedtak om kommuneplanens arealdel 2018-2029, der kommunestyret vedtok at det skulle setjast i gang arbeid med ein kommunedelplan, der mål og konklusjonar frå tettstadsprosjektet Vinstra 2046 skal følgjast opp. Ved å utarbeide ein eigen kommunedelplan for Vinstra i staden for rullering av kommuneplanens arealdel, vil fokus i denne omgangen vere retta mot Vinstra, og ikkje fritidsbustader i fjellområda og andre tema, som erfaringsvis har fått mykje merksemd i dei overordna planprosessane.

Tettstadsprosjektet «Vinstra 2046» er inne i fasen for handlingsdel. Ein kommunedelplan for Vinstra vil vere viktig for å kunne leggje til rette for vidare utvikling i tråd med målsettingar og føringar i «Vinstra 2046».

Arbeidet med rullering av samfunnsdelen vil gå parallellt med arbeidet med kommunedelplanen. Evt. nye føringar som dukker opp i samband med ny samfunnsdel må følgjast opp i denne planen. Ved å utarbeide eigen kommunedelplan for Vinstra, vil fokuset vere på arealtema knytt til vidare utvikling av Vinstra. Ein kommunedelplan vil erstatte kommuneplanens arealdel for det aktuelle området, og den bør innarbeidast i arealdelen ved neste revisjon.


Formålet med kommunedelplan kan oppsummerast slik:

- Konkretisere og gjennomføre kommunens overordna mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel og tettstadsprosjektet Vinstra 2046.
- Leggje til rette for ønska samfunnsutvikling ved å byggje opp under dei fordelane Vinstra har, samt imøtekome og ta fatt i kjente utfordringar.
- Leggje til rette offentlege areal for framtidig skule, helse- og omsorg og kultur. I tillegg er det behov for å finne egna areal til ny brannstasjon.
- Gjeldande reguleringsplanar for dei eldre bustadområda og Vinstra sentrum aust er av eldre dato. Det er difor behov for å sjå på overordna føringar og oppdatere føresegner som gir kvalitet for ulike utbyggingsformål- og område.

- Tilretteleggje for vidare bustad- og leilegheitsutvikling og næringsareal i tråd med føringar i blant anna «Vinstra 2046».
- Ivareta og viktige nærtur- og friluftsområde i Vinstra, samt stinett og sambindingar mellom ulike delområde.
- Kåja kraftverk kan bli aktuelt på nytt og vil kunne vere ein viktig premissgjevar for utvikling av Vinstra.

2.1 Avgrensing av planområdet

Planområdet tek utgangspunkt i sentrum av Vinstra og inkluderar eksisterande nærings- og bustadområde på aust- og vestsida av Lågen. Plangrensa følgjer reguleringsplan for Rustmoen i sør og vest for Lågen og inkluderar bustadområdet ved Huskero. Planområdet inkluderar ny E6 gjennom Lomoen, regulerte næringsområde og Knutsmorka i nord. Nordaust for Lågen er grensa trekt nord for Bøygen og inkluderar bustadområda i Øvre Vinstra og Toksefeltet. Bustadområda i Sødorp er inkudert, i tillegg næringsareal ved Øya som er avsett i kommuneplanens arealdel. Planområdet går fram av figur 1 nedanfor.



Figur 1: Forslag til plangrense – kommunedelplan for Vinstra.

3. Overordna føringar og rammer

3.1 FNs Berekraftsmål

Regjeringa har bestemt at berekraftsmåla skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i vår tids største utfordringar globalt og lokalt, og dei skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegging i kommunane.



Figur 2. FNS 17 bærekraftsmål.

Bærekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneske som lever i dag, utan å øydeleggje framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine. Bærekraftsmåla synleggjer dei tre dimensjonane i bærekraftig utvikling: klima og miljø, økonomi og sosiale tilhøve. Dei ulike bærekraftsmåla opptre ikkje individuelt, men heng saman. Det er derfor vanskeleg å peike på enkeltmål som kommunen skal fokusere på. Justerar ein innanfor det eine nivået, vil det ha effekt på dei andre, og tilhøyrande mål.

Slik vi handlar og opptre som lokalsamfunn og på individnivå, skal vere med på å oppfylle FNs bærekraftsmål.

3.2 Nasjonale føringar til kommunal planlegging

- **Nasjonale forventningar**
 - Planlegging som verktøy for helskapleg og bærekraftig utvikling
 - Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet
 - Bærekraftig areal- og transportutvikling
 - Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Dokumentet peiker blant anna på FNs bærekraftsmål som grunnlag for regional og kommunal planlegging.

Det er venta at regjeringa kjem med nye nasjonale forventningar i løpet av våren 2023.

- **Kommunal- og moderniseringsdepartementets (KMDs) rettleiar for kommuneplanens arealdel, april 2021**
- **Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing, fastsett 2018**
- **Statlege planretningsliner for samordna bolig-, areal- og transportplanlegging, fastsett 2014**
- **Rikspolitiske retningsliner for å styrke barn og unges interesser i planlegginga, fastsett 1995**
- **«Leve med kulturminner»**

- **Nasjonal jordvernstrategi**

3.3 Regionale føringar

Dei regionale planane for Oppland er gjeldande inntil dei blir avløyst av nye planar.

Følgjande nye regionale planar er under utarbeiding, og vil gje føringar for kommunen sitt arbeid med kommunale planar når dei blir vedteke:

- Regional plan for samfunnstryggleik
- Regional plan for det inkluderande Innlandet
- Regional plan for klima, energi og miljø

3.4 Kommunale føringar og planar

Kommunal planstrategi, og kommuneplanens samfunnsdel er dokument som vil gje føringar for ein kommunedelplan for Vinstra. I vedteke planstrategi går det fram at oppstart av rullering av kommuneplanens samfunnsdel skal gå i gang i 2023.

Arbeidet med ny planstrategi og kommuneplanens samfunnsdel vil såleis gå parallelt med planprosess for kommunedelplan for Vinstra. Da gjeldande samfunnsdel sist var vedteke i 2018, vil ny plan kunne bli endra på enkelte område.

I dei fleste kommunar har det historisk sett i overordna plan- og styringsdokument vore lagt til grunn eit svært optimistisk bilete om auke i folketal og vekst i næring. Slik har det også vore i Nord-Fron kommune. I gjeldande samfunnsdel er vedteke målsetting at vi skal bli 6000 innbyggjarar fram mot 2028. Forsiktige framskrivningstal frå Statsistisk sentralbyrå (SSB) viser derimot at vi ikkje blir særleg fleire i Nord-Fron, og at alderssamansetninga dreier mot at vi blir vesentleg fleire eldre og færre yngre.

Innbyggjartalet i Nord-Fron har sidan år 2000 gått ned med 325 personar, mens talet for Vinstra har auka med 193 i sama periode.

Det er i det siste sett meir fokus på å vektleggje andre målsettingar enn befolkningsvekst i samfunns- og arealplanlegging. Korleis planleggje for at samfunnet vi som bur her skal vere godt for alle, i staden for å ha fokus på korleis kan vi bli større og fleire? Oppsummert som nøktern eller realistisk planlegging ut i frå framskrivningar som viser nedgang-/utflating i folketal og endring i alderssamansetnad. Skulestrukturprosjektet, helseplan og bustadplan har dette som utgangspunkt. Dette bør også leggjast til grunn i ein kommunedelplan for Vinstra, sjølv om det dette avvik med gjeldande samfunnsdel som legg opp til at vi skal bli 400 fleire innbyggjarar i kommunen i 2028.

Kommuneplanens samfunnsdel

Gjeldande samfunnsdel 2017-2028 har ei rad med mål og strategiar som skal vere førande for den kommunale verksemda og planverk elles. Samfunnsdelen vil vere retningsgjevande for ein kommunedelplan for Vinstra. Jf. vedteken planstrategi, skal samfunnsdelen reviderast i 2023/2024.

Eit av hovudsatsingsområda i samfunnsdelen er by- og tettstadsutvikling på Vinstra: *«I 2046 har Vinstra blitt et viktig midtpunkt mellom Oslo, Trondheim og Nord-Vestlandet. Vinstra har utviklet seg til å bli et naturlig sentrum for handel, næring, utdanning, kultur og administrasjon i Gudbrandsdalen.» «...Innen 2028 har vi blitt 6000 innbyggere i kommunen.»*

Strategi:

- Klimanøytral utvikling med eit kompakt og levande sentrum med handel, kultur, tenester og bustader.
- Natur, landbruk næring, handel og kultur er bunde saman i eit sosialt levande sentrum.
- Regionalt senter som gir tilhørigheit og eigarskap for Gudbrandsdølar.
- Eit sentrum tilgjengeleg for alle, med felles arenaer, møteplassar, skule og fritidstilbod for alle.
- Utbygging av nye bustader skal skje via fortetting av eksisterande bustadområde.
- Utvikling av gode knutepunkt for samferdsel, og gode gang- og sykkelmoglegheiter.
- Leggje til rette gode areal for leik og aktivitet for barn og unge.

Strategi:

- Leggje til rette for attraktive og sentrumsnære areal for bustadbygging i gang- og sykkelavstand frå sentrale funksjonar.
- Nye bustader skal i størst mogleg grad byggjast med tilgjengelegheit.
- Uteareal skal ha fokus på universell utforming.
- Stimulere eksisterande næringsliv og vere positiv bidragsytar til nyetableringar.
- Ha god tilgang på tilrettelagt næringsutvikling.
- Viktig pådrivar for landbruket- bidra til optimisme og framtidstru.

Kommuneplanens arealdel

Kommuneplanens arealdel 2018-2028 var vedteke i KOM-sak 57/18, 19.06.2018. Arealdelen viser framtidig arealbruk for heile kommunen og byggjer på satsingsområda i samfunnsdelen. Sentrumsutvikling på Vinstra, næringsareal og areal for bustadbygging var prioriterte satsingsområde da gjeldande arealdel vart vedteke, jf. planprogram. Ved endeleg behandling av arealdelen vedtok kommunestyret at det skulle utarbeidast ein kommunedelplan for Vinstra, der blant anna føringar frå tettstadsprosjektet «Vinstra 2046» skulle følgjast opp.

Mesteparten av areala i og rundt Vinstra sentrum er omfatta av reguleringsplanar av ulike årstal, der arealformåla er tatt opp i arealdelen. I tillegg er det vist vedtekne endringar og framtidig arealbruk på kommuneplannivå.

Nedanfor er det også ei rad relevante temaplanar og prosjekt som er vedteke eller under utarbeiding, som vil kunne gje føringar for kommunedelplan for Vinstra.

«Vinstra 2046»

Tettstadsprosjektet Vinstra 2046 er eit samarbeidsprosjekt mellom kommunen, Statens vegvesen, Innlandet fylkeskommune, Statsforvaltaren i Innlandet og lokalt næringsliv. Kommunestyret vedtok strategirapport for «Vinstra 2046» i KOM-sak 100/18, 11.12.2018. Rapporten er eit resultat av ein prosess med brei medverknad og inneheld mål, strategiar og prinsipp for planarbeid og utvikling av Vinstra fram mot 2046.

Prosjektet er vidareført med at partane har inngått ein samarbeidsavtale for 2019-2023, som truleg vil bli fornya. Det er utarbeid ein handlingsplan ut frå strategidokumentet.

Trafikksikkerheitsplan for Nord-Fron kommune

Under arbeid.

Prosjekt skulestruktur

Er under arbeid. Konklusjonar frå prosjektet vil kunne gje føringar for plassering av framtidig skule, samt trafikkavvikling/samferdselstema ved skulen.

Heilskapleg plan for helse og omsorg
Under arbeid.

Boligplan for Nord-Fron, 2022.

4. Kunnskapsgrunnlag

I samband med prosjekt Vinstra 2046 vart det utarbeida eit godt kunnskapsgrunnlag og gjennomført breie medverknadsprosessar for Vinstra. Data er frå 2018, men det vurderast til at kunnskapsmaterialet er relevant. Kunnskapsgrunnlaget frå blant anna prosjekt skulestruktur og bustadplan er relevant for arbeidet med kommunedelplan.

På kommunenivå finst mykje statistikk og tal for demografi, sysselsetting og busetting. SSB og Innlandsstatistikk er nyttige kjelder for data på kommunenivå, i tillegg til blant anna miljødirektoratet for klima og miljø og naturstatistikk. Samtidig vil det kunne vere behov for å «bryte ned» relevant talmateriale for Vinstra. Nasjonalt kartgrunnlag er viktig kunnskapsgrunnlag og verktøy ved konsekvensutgreiing av innspel om nye areal eller endra arealbruk.

Arealoversikt-/rekneskap-/budsjett er verktøy som gir statusoversikt over ulike arealformål og arealbruk. Som kunnskapsgrunnlag for kommunedelplanen vil dette kunne gje ei oversikt over kor mykje areal som er bebygd og kan byggjast ut, og vere eit reiskap for planlegging av ønska utvikling. I denne planen er det særleg relevant å sjå samheng mellom befolkningsutvikling, framtidig bustadbehov og regulert areal til bustader (reserve). Arealrekneskap er også eit viktig verktøy for å få oversikt over type areal, slik som til dømes skog, våtmark, dyrka- og dyrkbar jord ift. jordvern med meir.

5. Utgreiingstema i planarbeidet

Basert på føringar frå samfunnsdelen og tilhøyrande arealstrategi, tettstadsprosjektet Vinstra 2046 og andre relevante temaplanar blir det lagt opp til å greie ut følgjande hovudtema i arbeidet med ny kommunedelplan for Vinstra.

Næringsareal/næringsutvikling

Nord-Fron kommune har lite tilgjengeleg næringsareal. For å halde på eksisterande bedrifter og for å som ledd i å tiltrekke seg nye bedrifter og arbeidsplassar er det viktig at kommunen har tilgjengeleg næringsareal. Ut i frå arealoversikt vurdere areala som er avsette til næringsformål i kommuneplanens arealdel og reguleringsplanar. Vurdere potensiale for fortetting og evt. nye areal,

Bustadareal/bustadutvikling

Setje opp arealrekneskap-/oversikt for bustadformål i gjeldande kommune- og reguleringsplanar. Vurdere tomtereserven i gjeldande planar opp mot framtidig bustadbehov ut i frå demografiske framskrivingar, tilgjengeleg infrastruktur, behov for evt. investeringar.

Vurdere om det er behov for nye bustadareal eller fjerne planavklarte areal, vurdere moglegheit for fortetting.

Areal for offentlege formål

Legge til rette for kommunale og offentlege areal, inkludert ny brannstasjon. Areal for skule vil avhenge av konklusjon frå pågåande prosjekt om skulestruktur.

Areal for samferdselsanlegg

Trafikkavvikling og trygg skuleveg må sjåast i samheng med konklusjonar for skulestrukturprosjektet. Kryssing av jernbanen i Vinstra og tiltak ved Vinstra stasjon er tema som jamnleg har vore- og er fortsatt til drøfting. Dette er vesentlege tema

Sentrumsutvikling/ATP-Vinstra 2046

Følgje opp mål, strategiar og tiltak i «Vinstra 2046» og andre relevante overordna føringar.

Kraftanlegg/Kåja Kraft

Kåja Kraft var eit prosjekt for å byggje ny dam i Lågen ved Vinstra sentrum. Prosjektet blei avvikla ut frå kostnader, men er nå teken opp at i forbindelse med auka straumprisar og auka behov for kraft. Det er forventa at ein slik utbygging vil påverka planområde med bl.a. gangvegar/forbindelsar. Prosjektet er til nærare avklaring i år.

Grønstruktur/friluftsområde.

Vidareføre og vektleggje viktige nærtur-/friluftsområde i kommuneplanens arealdel, innanfor planområdet.

Blågrønstruktur – klimatilpasning og handtering av overvatn. I åra som kjem må kommunen ta høgde for meir nedbør og meire ekstremt ver. Nord-Fron kommune har gjort ein del flaumførebyggjande tiltak i sentrum, som til dømes sikring av Givra. Det er fortsatt behov for å kartleggje overvassutfordringar i sentrumsområde, noko som vil kunne vere eit viktig verktøy for å imøtekomme utfordringar i samband med klimaendringar.

Ovannemnde hovudtema er tema som overlappar kvarandre og må sjåast i samheng.

Andre tema som skal utgreiast:

- Gjennomgang av eldre reguleringsplanar: Vinstra har mange reguleringsplanar av eldre dato. Det er behov for å gå gjennom desse og vurdere oppheving og evt. erstatte med nye og oppdaterte føresegner.
- Utarbeide retningsgjevande føresegner for bustader og næringsformål i sentrum, som til dømes minste uteopphaldsareal, krav til parkering og tilgjengelegheit/universell utforming. Det er aktuelt å differensiere føresegner for ulike type bustader, td. Leilegheiter og bustader.
- Arealbruk ved evt. utbygging av Kåja kraftverk – avhengig av realisering av prosjektet

6. Vurderingar og konsekvensutgreiing av endringar og innspel

Ved nye innspel gjer kommunen ei avvegning mellom «vekst og vern», der statlege føringar og kommunens mål og strategiar blir lagt til grunn for vurderingane. Dersom nye areal skal leggjast ut til utbyggingsformål eller eksisterande areal fortettast, skal konsekvensar for helse, miljø og samfunn utgreiast i tråd med krava i plan- og bygningslova (KU-forskriften), og det skal gjerast ei risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) av arealendringa, jf. plan- og bygningslova §4-3.

Konsekvensutgreiinga skal omfatte tema som kommunen ser på som relevante for avgjerder om arealbruk på overordna nivå på Vinstra. Det vil seie om områda er egna for auka utnytting eller anna arealformål, og for analyse av den samla effekten av arealbruksendringa.

ROS-analysen skal identifisere risiko- og sårbarhetsforhold som har betydning for forslaga til arealbruk. Ut fra ROS-analysen skal kommunen vurdere plangrep som omsynssoner og føresegner, som er nødvendige for å redusere risiko og sårbarheit, og avverge skade og tap. Dette betyr at geografiske område med mogleg fare skal merkast i kart som omsynssoner. I tilhøyrande føresegner skal kommunen seie noko om korleis desse områda skal handterast i vidare planlegging. Kommunen skal sjå resultatata frå ROS-analysen i samanheng med nemnde utredningstema og konsekvensutgreiinga elles.

7. Planprosess, medverknad og forankring

7.1 Politisk organisering av arbeidet

Kommunestyret har det politiske hovudansvaret for å utarbeide kommunedelplanen. Politisk involvering er avgjerande for eit godt eigarskap til planen. Hausten 2023 er det nytt kommuneval. Både sitjande og nytt kommunestyre vil såleis få eit eigarskap til planen.

Utval for miljø, landbruk og areal (MLA) har delegert myndigheit til å leggje forslag til planprogram og planforslag ut til offentleg myndigheit, jf. gjeldande delegeringsmyndigheit. Det vil vere behov for å drøfte- og forankre avklaringar med MLA som ei slags styringsgruppe undervegs i planarbeidet. Det vil også kunne vere tenleg å samle fleire politiske fora i medverknadsopplegg.

7.2 Administrativ organisering

Planarbeidet blir organisert internt i kommunens administrasjon. Ekstern bistand blir nytta ved behov for t.d spesifikke fagutgreiingar. Aktuelle tenesteområde vil bli involvert i planprosessen ved behov. Internt tverrfagleg planforum vil bli brukt til drøfting av sentrale spørsmål og behov for avklaringar. Det er vesentleg å sikre koordinering mellom parallelle planprosessar og nytte innspel om kvarandre frå medverknadsopplegg. Det visast her spesielt til plan for trafikksikkerheit, helseplan og prosjekt skulestruktur, som alle er under arbeid, i tillegg til komande arbeid med kommuneplanens samfunnsdel.

7.3 Medverknad

Dei formelle krava til planprosess for kommunedelplanar er regulert i plan- og bygningslova §§ 11 og dei generelle føresegnene om medverknad i plan- og bygningslova kapittel 5.

Det skal legges til rette for medvirkning til planarbeidet frå offentlege myndigheiter, grunneigarar og andre som blir berørt av planarbeidet. *«Kommunen har eit særlig ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krever spesiell tilrettelegging herunder barn og unge. Grupper og interessentar som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på annen måte».*

I samband med prosjekt Vinstra 2046 vart det gjennomført 4 planverkstader, der alle interesserte innbyggjarar, ungdomsråd, næringsliv, myndigheiter, politikarar og administrasjon deltok. Resultata frå desse samlingane er det som blant anna utgjør mål og strategiar i strategirapporten for Vinstra 2046. Kommunedelplan for Vinstra vil byggje vidare på resultatata frå rapporten. Samtidig skal kommunen gjennomføre opplegg for medverknad, også i denne planprosessen. Det vil også vere nyttig å dra nytte av og samkjøre så langt det er mogleg, relevante innspel frå helseplan, samfunnsdelen og prosjekt skulestruktur.

Overordna myndigheiter

Det blir lagt opp til å nytte regionalt planforum som viktigaste dialogkanal mot statlege og regionale myndigheiter i alle planfasene. Det kan vere aktuelt å ha enkeltvise møte med ulike myndigheiter ved for å drøfte separate tema ved behov.

Barn og unge

Ungdomsrådet vil bli nytta aktivt under oppstartsfasen-/utarbeiding av planforslag og som høyringsorgan.

Det kan vere aktuelt å gjennomføre og nytte opplegg for barnetråkk eller anna medverknadsopplegg for utvalde klasser eller elevråd på skulane Sødorp, Barhaug og Vinstra ungdomsskule, i tillegg til Vinstra vidaregåande skule.

Det er også viktig å involvere elevar ved Vinstra vidaregåande skule.

Barnetalspersonen i Nord-Fron vil bli involvert i planprosessen.

Nyttig å arrangere «planverkstad».

Andre interessentar

Ulike lag, råd (t.d eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne), innvandrargrupper, idrettslag og velforeningar er aktive representantar for lokalbefolkninga på Vinstra og er såleis viktige stemmer i planarbeid. Det vil bli utarbeida eit opplegg for å involvere desse gruppene.

Det vil vere behov for direkte involvering av ulike aktørar i ulike faser av planarbeidet, som til dømes utbyggjarar, grunneigarar, nærings- og handelsaktørar.

Aktuelle opplegg for medverknad

- Innbyggjarmøte, fysisk/digitalt
- Open kontordag på Sødorptunet eller Peer Gynt senteret,
- «Gjestebod», der spesielt inviterte innbyggjarar/grupper får høve til å kome med innspel.
- Barnetråkk eller planverkstad skulen
- Undervisning/planverkstad Vinstra vidaregåande skule.
- Heimesida, sosiale media, som Facebook og Instagram vil bli brukt til å informere om arbeidet med kommunedelplanen.
- Undersøke moglegheiten til eit digitalt medverknadsopplegg/undersøkingar, for til dømes å kunne nå fleire innbyggjarar.

7.4 Framdriftsplan

Framdriftsplan - kommunedelplan for Vinstra	2023												2024				
	m	a	m	j	j	a	s	o	n	d	j	f	m	a	m	j	j
Planprogram:																	
Polistisk behandling av forslag til planprogram	■																
Kunngjering av planoppstart	■																
Høyring og offentlig ettersyn	■	■	■														
Regionalt planforum		■															
Fastsetting av planprogram i kommunestyret			■														
1. Planforslag og KU:																	
Utarbeiding av første forslag til plan og KU				■	■	■	■	■									
Drøfting administrativt og politisk																	
Medverknad - lag, org, særskilte grupper mm																	
Regionalt planforum																	
1. gongs politisk behandling																	
Offentleg ettersyn																	
2. gongs polistisk behandling																	
2. gangs høyring og offentlig ettersyn																	
Endeleg behandling																	

8. Krav til innspel

Ved private innspel om nye utbyggingsområde i planområdet, blir det stilt krav til dokumentasjon som skal følgje innspelet. Nye innspel må så langt som rå grei ut følgjande:

- a) Områdeskildring
 - Storleik i dekar og eigar
 - Nåverande arealbruk og eksisterande bebyggelse
 - Eksisterande tilkomstveg, stiar og løyper

- b) Foreslått ny arealbruk
 - Arealformål etter plan- og bygningslova
 - Antal nye einingar
 - Tomtestorleik
 - Tilkomstveg, tilknytning til offentlig VA og overvatn

- c) Tenkt gjennomføring av planen
 - Tidshorisont for oppstart og utbygging
 - Moglege konsekvensar for miljø, friluftsiinteresser og samfunnsinteresser (trafikk, sentrumsutvikling, klima)

- d) Vedlegg
 - Kart i målestokk 1:5000
 - Evt. foto/flyfoto

9. Vedlegg

- Kartutsnitt – forslag til plangrense for kommunedelplan for Vinstra
- Utsnitt av kommuneplanens arealdel 2018-2029 med forslag til plangrense